



## Byglandsnytt nr.20 - april 2021

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

**Neste utgåve: 4. mai** - Send tips om arrangement til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) innan 30.04.

Bygland kommune si heimeside: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

### Påskehelsing frå ordførar Sigbjørn Å. Fosdal

#### Kjære sambygdingar


Påskehøgtida nærmer seg, og for mange skulle det bety samvær med familie og vener, og å gjennomføre ulike påsketradisjonar.

Før påsken i 2020 blei me ramma av Covid-19 viruset, og det medførte at me alle vart ramma av strenge restriksjoner i høve reiseverksemd, begrensa tal besøkande osv.

Dette er ein situasjon me alle har måtta leve med sidan 12 mars 2020, og ingen hadde vel i påsken i fjor, tenkt at me skulle måtta leve med strenge restriksjonar også gjennom årets påskehøgtid.

I Bygland har me heldigvis hatt få tilfeller av smitte. Det kjem m.a av at alle har vore lojale til dei anbefalte restriksjonar som til ei kvar tid har vore gjeldande, og barnehagar, skular, helsevesen og reinhaldstenesta, for å nemne nokon, har stått på for at desse tenestene skulle kunne haldast igong så normalt som mogleg.

Me er diverre ikkje ferdig med pandemien. Det betyr m.a at me ikkje kan reise på besøk, eller ta imot besøk frå venner og kjente. For mange er nettopp slike familietreff, enten heime eller på hytta, vore ein del av påskefeiringa.



Det som imidlertid er annleis i år i høve påske i fjor, er at me nå er igong med å vaksinere folk mot dette viruset, og det gjev eit håp om at me nå kan sjå slutten på pandemien og at me kan sjå fram til å kunne komme tilbake til ein normal kvardag uten restriksjonar.

Sjøl om me alle er trøtte og lei av restriksjonar, vil eg oppmoda alle om at me nå står saman om å fylgje gjeldande restriksjonar. Da kan me kome gjennom den forhåpentligvis siste kneika før me får slutt på pandemien, og at alle så snart som råd er, vert vaksinert mot viruset.

Da kan me kome tilbake til ein normal kvardag fort, og igjen kunne feire ei påskehøgtid slik me alle ynskjer å kunne.

No må me nytte påskehøgtida som ligg foran oss, til litt ettertanke og omsorg for kvarandre.

**Eg ynskjer dykk alle ei riktig God påske!**



*Sigrjorn Ape Fosdøl*

## Opningstider i påska

Det er endringar i opningstida i påskeveka:



- **Kommunehuset:** Publikumsrett og sentralbord er stengt måndag, tysdag og onsdag
- **Legkontoret:** Vanleg opningstid måndag og tysdag. Ope til kl. 12.00 onsdag
- **Biblioteket:** Stengt i påskeveka
- **NAV:** Har vanlege opningstider. Ope til kl.12.00 onsdag. **Rettleiingssenter i Bygland** held stengt for drop-in; **NAV-telefon** 55 55 33 33

## Vanlege opningstider Bygland kommunehus

**Publikumsrett:** tlf. 37 93 47 00

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 – stengt for tida grunna smittesituasjonen

**NAV:** tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

**Rettleiingssenter i Bygland:** stengt for drop-inn grunna smittesituasjonen

## Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116117

Bygland legekantor

Byglandsfjord legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

## Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

## Politiske møte, sakspapir og protokollar:

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- **Formannskapet:** 21.04. kl. 17.00

## Nytt om namn i Bygland kommune

- **Ingrid Austegard** har fått stilling som sjukepleiar i skulehelsetenesta. Ho startar 6.april og skal være på Bygland Oppvekstsenter på tysdagar og på Byglandsfjord Oppvekstsenter på onsdagar.
- **Tordis Musabali** er tilsett i 50% fast stilling som helsefagarbeidar i pleie og omsorg, ft på Byglandsheimen.
- **Anita Kolbu** er tilsett i 50% fast stilling som heimehjelp.
- **Sigrid Ovesdotter Lund** startar opp i 70% fast stilling som vernepleier i pleie og omsorg, ft på habilitering.

## Ledige stillingar

### Har du lyst til å vere støttekontakt?

Bygland kommune søker etter støttekontakt til ein gut 5 timar i veka. Oppgåver vil vere å bli med på fysisk aktivitet, kino og andre aktivitetar i nærområdet.

Godtgjering etter gjeldande satsar. For fleire opplysningar, kontakt tenesteleiar Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572



## **Informasjon om påskeferie og nye nasjonale smitteverntiltak frå kommunane Bygland og Evje og Hornnes**



Påskeferien er rett rundt hjørnet, og regjeringa har akkurat innført innstrammingar i dei nasjonale smitteverntiltaka. Dette betyr at det blir ei annleis påske – også i år. Vi kan framleis ut i naturen, gå på gåtur eller skitur, eller ta ein tur på hytta saman med dei vi bur med til vanleg, men vi må passe på å halde dei nye nasjonale reglane og tilrådingane.

Bakgrunnen for at det no blir innstrammingar i dei nasjonale smittevernråda, er at smitteutviklinga i landet vårt ikkje går den vegen helsemyndigheitene ønskjer. Dei fryktar blant anna at smitte frå område med høgt smittetrykk, skal spreie seg til andre område - til dømes våre kommunar som ikkje har mykje smitte per no. Dei nye reglane og tilrådingane gjeld frå natt til torsdag 25. mars. Ei ny vurdering blir tatt innan 12. april.

Kommunane Bygland og Evje og Hornnes har per 24. mars 2021 ingen ekstraordinære tiltak utover dei nasjonale smitteverntiltaka. Det er difor dei nasjonale reglane og tilrådingane som gjeld. *(Sjå lista over dei nye nasjonale tiltaka i eiga artikkel.)*

### **Ein påskeferie med så få kontakter som mogleg**

Dei nye smitteverntiltaka gjeld også for påska. For alle. Uansett kvar ein oppheld seg. Regjeringa oppmodar alle til å reise så lite som mogleg og møte så få som mogleg. Å redusere den fysiske kontakten mellom menneske, er det som best hindrar at smitte spreier seg.

No er det til dømes viktig å halde to meter avstand til andre og bruke munnbind alle stader dette er vanskeleg å halde. Til dømes i butikken.

Kjem du frå ein kommune med strengare lokale tiltak enn dei nasjonale, er det reglane frå heimkommunen din som gjeld for deg. Er det til dømes heilt forbode å ha besøk i din kommune, skal du også følgje denne regelen i andre kommunar.

## Byrjar du å føle deg sjuk medan du er på besøk i kommunen?

Det er sterkt ønskeleg at du reiser tilbake til din heimkommune dersom du byrjar å kjenne på koronasymptom eller tenker at du burde ta ein koronatest. Dersom du derimot ikkje har høve til det, kan du bestille ein time for å ta koronatest i våre kommunar.

### Kontaktinformasjon for testing

I våre kommunar kan du ta test kvar dag.

Oppheld du deg i Bygland kommune er dette rett kontaktinformasjon:

Ring Bygland legekontor på telefonnummer 37 93 47 30.

Telefonen er open frå kl. 08:00 - 11:30 og 12:30 - 15:00 måndag 29. mars og tysdag 30. mars. Den er open kl. 08:00 - 11:30 onsdag 31. mars.

Legeskjeboret held stengt frå kl. 12:00 onsdag 31. mars til og med måndag 5. april.

Oppheld du deg i Evje og Hornnes kommune er dette rett kontaktinformasjon:

Ring Evje legesenter for å avtale tid på telefonnummer 37 40 79 00.

Telefonen er open kl. 08:30 - 11:30 og 13:00 - 15:00 måndag 29. mars og tysdag 30. mars.

Legesenteret held stengt frå onsdag 31. mars til og med 5. april.

**Utanom opningstid:** Når legesenteret/legeskjeboret er stengt, ringar du legevakta på telefonnummer 116 117 for å bestille koronatest. Dette er felles for både kommunane.

Hugs at du er i karantene fram til prøvesvaret på testen ligg føre. Dette kan ta eitt til tre døgn, og avheng av Sørlandet sjukehus sin kapasitet til å analysere testane. Når svaret er klart, kan du sjå dette på di side på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)

### Ikkje karantene eller isolasjon på hytta

Har du tatt ein test før du reiser på hytta, må du vente heime til svaret ligg føre. Ikkje reis på hytta før du veit om du er sjuk eller ikkje. Du kan risikere å bli så sjuk at du treng helsehjelp. Då er det best at du er i din heimkommune.

Du kan ikkje reise på hytta å sitte i karantene der. Du kan heller ikkje reise på hytta å sitte i isolasjon der. Karantene og isolasjon må bli gjennomført heime. Reis difor heim frå hytta om du blir sjuk.

### Nasjonal informasjon om påskeferien

På helsenorge.no kan du lese nasjonal informasjon om påskeferien.

Takk for du tar hensyn.

### Vi ønskjer deg ei fin påske!

*Teksten er utarbeidd av Evje og Hornnes kommune*

### Nye nasjonale retningslinjer frå 25. mars

Regjeringen har innført nye retningslinjer som gjeld frå natt til torsdag 25. mars og inntil vidare. Dei tek ei ny vurdering innan 12. april



### Dei nye nasjonale tiltaka

- Ein-meteren blir no til to-meteren. Hald 2 meter avstand til andre der det er mogleg, bortsett frå dei du bur med, kjærasten din eller 1 - 2 faste kontaktar om du bur aleine. Dette vil ikkje gjelde for helsetenesta, barnehagar og skolar, eller andre tenester for sårbare grupper der det i praksis kan hindre normal drift av tenestene
- Regjeringen tilrår maks to gjester på besøk
- Om du kjem frå eit område med høgt smittenivå, bør du ikkje reise på overnattingsbesøk eller ha overnattingsbesøk. Dei som bur aleine og barn og unge under 20 år kan ha overnattingsbesøk av ein til to faste vener
- Du bør avgrense sosiale kontakter mest mogleg
- Regjeringen tilrår bruk av munnbind på alle stader der det ikkje er mogleg å halde to meters avstand
- Dei tilrår folk å kun bruke kjøpesenter og varehus i heimkommunen
- Dei tilrår at alle reiser som ikkje er naudsynte blir utsette med desse unntaka:
  - Reiser til arbeid når det ikkje er mogleg med heimekontor
  - Reiser heim til familien for studentar utan familie der dei studerer

- Reiser til hytte saman med eigen husstand

## Nye nasjonale forskriftsfesta reglar

- Det blir forbod mot skjenking av alkohol over heile landet
- Det blir forbode med innandørs organiserte idretts- og fritidsaktivitetar for vaksne, med unntak for profesjonelle toppidrettsutøvarar
- Treningssenter kan halde ope for dei som er busette i kommunen. Treningssenter kan og halde ope for dei som er busette i andre kommunar, dersom dei skal bruke følgjande tilbod:
  - rehabilitering og opptrening som blir tilbode individuelt eller i mindre grupper med arrangør
  - individuell trening og behandling som ein bestiller time til
- Symjehallar, badeland, spaanlegg, hotellbasseng og liknande skal haldast stengt, men kan halde følgjande tilbod opne:
  - skulesymjing, organiserte symjekurs og organisert symjetrening for personar under 20 år som symjing og for profesjonelle toppidrettsutøvarar
  - rehabilitering og opptrening som blir tilbode individuelt eller i mindre grupper med arrangør
  - annan individuell behandling som ein kan bestille time til og der bad er ein del av behandlinga
- Fornøyelsesparkar, bingohallar og liknande underhaldningstilbod blir stengt
- Arbeidsgjevar skal sørge for at tilsette jobbar heimefrå på alle arbeidsplassar det er praktisk mogleg
- Personar som returnerer til Noreg etter unødvendige utanlandsreiser må tilbringe heile karantenetida på karantenehotell. Dette trer i kraft frå midnatt, natt til måndag 29. mars
- Dei tilrår at alle planlagde arrangement blir avlyst. Om arrangementet ikkje kan utsetjast, gjeld desse reglane:
  - Innandørs er det tillatt med 20 personar på arrangement med faste, tilviste sitteplassar
  - Innandørs er det tillatt med 50 personar på idrettsarrangement for personar under 20 år som tilhøyrrer idrettslag i samme kommune

- Utendørs er det tillatt med 50 personer på arrangement
- Det blir tillatt med 50 personer i gravferder og bisettelsar når ein har faste, tilviste plassar

Du kan følgje med på eventuelle endringar i dei nasjonale retningslinjene her:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/id2692388/>

## Regjeringa sine pressekonferansar på andre språk

Regjeringa sine pressekonferansar og pressemeldingar med informasjon om koronasituasjonen, tilrådingar og tiltak, blir oversette til arabisk, engelsk, polsk, somali, tigrinja og urdu.

Nedanfor kan du finne lenker

Pressemeldingar frå pressekonferansar og annan omsett informasjon blir lagt ut her: <https://www.regjeringen.no/en/topics/koronavirus-covid-19/corona-information-in-other-languages/id2814563/>



Innreisereglane er stramma inn: Oversettelsane ligg nederst på nettsida: Travel to Norway - regjeringen.no:

<https://www.regjeringen.no/en/topics/koronavirus-covid-19/travel-to-norway/id2791503/>

Karantenehotell: Alle som reiser på ei unødvendig fritidsreise må på karantenehotell og betale for det sjølv, sjølv om dei har eigen bustad der dei fram til no har kunna gjennomføre karantenen. Oversettelsane ligg nederst på nettsida: The coronavirus situation: Information regarding quarantine hotels - regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/en/topics/koronavirus-covid-19/the-corona-situation-more-information-about-quarantine-hotels/id2784377/>

Andre informasjonskjelder: Oppdatert reiseinformasjon på norsk og 19 andre språk er tilgengeleg hos Helsenorge: Coronavirus in Norway: Travel advice - helsenorge.no: <https://www.helsenorge.no/en/coronavirus/international-travels/>



## Status på vaksinasjon (Covid -19) i Bygland kommune - Oppdatert 25.03.21



Bygland kommune har motteke ei viss mengde med vaksiner frå AstraZeneca. Desse vaksinane kjem inntil vidare ikkje til å bli brukt.

Vi held no på med vaksinerings av dei som er fødde i 1946. I neste veke (veke 13) startar vi på dei som er fødde i 1947.

69 personar er vaksinert med to dosar (og er dermed fullvaksinerte), 39 personar har fått første dose. 16 tilsette er fullvaksinerte og 2 har fått første dose.

Det er ingen i Bygland kommune som har fått vaksine frå AstraZeneca, alle som er vaksinert til no har fått Pfizer si vaksine.

Kommunen har ringt til ein del personar under 65 år i moderat risikogruppe for å avtale tid for vaksinerings. Den akutelle vaksinen for denne gruppa var AstraZeneca. No må vi avvente vaksinerings til vi får nærare beskjed, då vaksinerings med AstraZeneca blei sett på vent. Kommunen vil ta kontakt med alle som har takka ja til denne vaksinasjonen i starten av neste veke.

Det som er viktig å vite, er at vi ikkje kan frakte oppblanda dosar frå Byglandsfjord til Bygland eller motsatt. Om eit vaksineglas blir oppblanda på Byglandsfjord, må alle dosane i glaset bli sette på Byglandsfjord.

Revaksinerings (dose 2) av dei som har fått 1. dose med Pfizer si vaksine, skal få 2. dose etter 3 - 4 veker, medan dei som får 1. dose etter 1. mars skal vente i 6 veker før dei får dose 2.

### Tid og stad

Du vil få melding om oppmøtetid og kvar du skal møte når du får innkalling. Det er svært viktig at ein prioriterer denne avtalen, og heller endrar på eventuelle andre avtalar. MEN, dersom ein har symptom på luftvegsinfeksjonar (som feber, hoste eller forkjøling), må ein gi melding om at ein

ikkje kan møte. Då kan denne dosen gå til den neste på lista, og du vil få høve til å ta vaksinen veka etter.

Ring Bygland kommune på tlf. 37 93 47 00 dersom du ikkje kan bli vaksinert.

**Viktig:** Ein må møte opp på tidspunktet ein har fått - ikkje før eller etter.

Dette er for å hindre at mange menneske blir samla på ein gang.

Veke	Dato	Talet på dosar	Til revaksinering	Nye
1	5.1	6		
2	12.1	6		
3	19.1	6		
4	26.1	18	6	12
5	2.2.	30	6	24
6	9.2	24	6	18
7	16.2	24	12	12
8	23.2.	24	24	0
9	2.3.	18	18	0
10	9.3	18	12	6
11	16.3	18	0	18
12	23.3	18	0	18
13	30.3	18	0	18
14	6.4.	30	0	30

## Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur. Hovudregelen er:

- Dersom vi får 1 - 50 dosar: Leilegheit i underetasjen på Byglandsheimen eller ei leilegheit på Byglandsfjord. (Tidlegare var det kommunestyresalen og legekantoret på Byglandsfjord)
- Dersom vi får over 50 dosar: Byglandshallen eller Årdalshallen

For meir informasjon rundt vaksine: sjå kommunen si heimeside [bygland.kommune.no](https://www.bygland.kommune.no)

### Framleis pause i AstraZeneca-vaksineringa (nyheit per 26.03.2021)

Folkehelseinstituttet har avgjort å forlenge pausen med bruk av Astra-Zeneca-vaksinen fordi det er behov for ytterlegare utgreiingar

Folkehelseinstituttet sin nyheitsartikkel om dette

<https://www.fhi.no/nyheter/2021/fortsatt-pause-i-astrazeneca-vaksineringen/>



### Bygland frivilligsentral informerer:

#### Transport til og fra vaksinasjon

Bygland kommune er no i gong med vaksineringsplanen. Framover vil fleire få tilbod om vaksine. Det vil verte tilrettelagt for vaksineringsplanen i nord, midt og sørlege del av kommunen.

Bygland Frivilligsentral ønskjer å bidra i arbeidet. Vi treng frivillige til å transportere eldre som skal vaksinerast frå heimstad til vaksineringsstad og heim att.

#### Hvordan blir oppgavene organisert?

Den som køyrer vil få køyregodtgjersle etter staten sine satsar. Kvar leverer inn skjema med oversikt over køyring, og får betalt på etterskot. Bygland



kommune vil syte for utstyr knytt til smittevern til deg som sjåfør. Det er tale om oppdrag over ein kort periode.

### **Kven ser vi etter?**

Alle kan hjelpe til med dette :-)


Krav: førarkort og bil. Oppdraget skal ikkje koste deg noko.

**Meld deg** om dette kan vere noko for deg:

<https://frivillig.no/bygland-frivilligsentral/transport-til-og-fra-vaksinasjon>

### **Kva skjer når "smittealarmen" går?**

Når ein innbyggjar testar positivt på Covid-19 utløyser det ein kjedereaksjon på kommune- huset. Her kan du lese meir om korleis vi jobbar når vi får melding om positivt Covid-19 tilfelle.



Vi har hatt nokre få smittetilfelle i Bygland. Vi veit jo at kvart tilfelle er ulike, men nedanfor har vi prøvd å presentere nokre moment som ein ser går att kvar gong.

Melding om smitta person får vi frå Mikrobiologisk avdeling ved SSHF Kristiansand. Dei gir melding direkte til kommuneoverlegen. Han tar då umiddelbart kontakt med kommunedirektøren, som så kallar inn kriseleiinga i kommunen. Kven som sit i kriseleiinga er noko avhengig av kvar den smitta bur og arbeider. Blir t.d. oppvekstsentra involvert, er det naturleg at tenesteleiarane der blir kalla inn. Faste medlemmer i kriseleiinga (i høve Covid-19): Ordførar, kommunedirektør, kommuneoverlege, tenesteleiar Helse (som og er leiar av smittesporingsteamet), beredskap og informasjon. Kommunedirektøren kallar i tillegg inn dei som er relevante for den aktuelle hendinga.

Tida frå melding om smitte og fram til møtet i kriseleiinga startar, brukar leiar av smittesporingsteamet til å ta kontakt med den smitta for å få ei oversikt over nærkontakter og evt. andre som kan måtte gå i avventande karantene. Dette gjer ho for at kriseleiinga skal få ei viss oversikt når møtet startar.

I denne situasjonen prøver vi å arbeide raskt og effektivt. Det er svært viktig å få isolert/sett i karantene/avventande karantene dei som potensielt kan kome

til å smitte andre. Om det viser seg at det er mange involverte i situasjonen, ber kommunedirektøren smittesporingsteamet om å møte opp.

I tida fram til smittesporingsteamet er på plass blir det laga ei namneliste med telefonnummer (om vi har det), slik at dei kan gå i gang med å ringe straks dei er på plass. Flytskjema for smittesporinga blir lagt fram.

Tilsette på legekantoret får deretter i oppdrag å gjere klar ein teststasjon slik at nærkontakter og evt. andre kan bli testa. Så er det slik at om mikrobiologisk avdeling får alle testane før kl. 23.00, er det stor sjanse for at resultatet er klart neste dag. Difor kan teknisk vakt bli bedne om å frakte testane ned til sjukehuset den samme kvelden. Det blir gjort på denne måten slik at folk som sit i avventande karantene, kan gå ut av denne så fort som mogleg (om testen er negativ).

Om testane er negative, får smittesporingsteamet i oppdrag av kommunedirektøren om å gi melding til alle i avventande karantene at dei kan gå ut av denne.

### **Klarer vi å få kontakt med deg?**

Når vi skal sende SMS eller ringe til deg som står for tur til vaksinerings, eller om vi treng å ringe til deg i samband med smitte- sporing, er det viktig at vi har telefonnummeret, eller også kan finne det på nett.



### **Har du hemmeleg nummer?**

Om vi manglar telefonnummer, søker vi etter det på 1881.no eller telefonkatalogen.no. Det er ikkje alle vi klarer å finne nummeret til. Har du hemmeleg telefonnummer, eller av andre årsaker ikkje ønskjer å ha nummeret ditt på 1881.no eller telefonkatalogen.no, er det svært viktig at du sjølv tar kontakt med kommunen og gir oss telefonnummeret ditt.

Vi ber alle som veit at telefonnummeret ikkje er tilgjengeleg om å sende namn og telefonnummer til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller du kan ringe til 379 34 700.

## Økonomi og Næring, Setesdal Vekst og Plan og Utvikling

Gnist prosjektet er i gang! Digital workshop fasilitert av Nordic Edge for å finne Bygland kommunes viktigaste utfordringar. Neste steg er å arbeide vidare og konkretisere innovasjonsprosjekt for stads- og næringsutvikling.



Vi har laga ei spørjeundersøking der vi ønskjer tilbakemelding frå innbyggjarar og næringsdrivande på kva som er viktig å inkludere i arbeidet med å utvikle Presteneset.

Vi set stor pris på om du svarer på undersøkinga:

<https://www.survey-xact.dk/LinkCollector?key=SHHKRU6PL5CP>

Spørjeundersøkinga er tilgjengeleg fram til 30. mars 2021

*Næringsprosjektet Setesdal Vekst har ei operativ rolle i Bygland kommune, som betyr tilrettelegging av arbeid mot nye bedrifter i kommunen og hjelper dei som alt er her. Setesdal Vekst finn du på Facebook: @setesdalvekst.*

*E-post: [setesdalvekst@bygland.kommune.no](mailto:setesdalvekst@bygland.kommune.no)*

### **Presteneset Bygland**

Bygland kommune arbeider med eit innovasjonsprogram for å løyse konkrete utfordringar i kommunen knytt til stad- og næringsutvikling

#### **Smart lokalsamfunn - gjennom samarbeid**

I samarbeid med Agder fylkeskommune og innovasjonsklynga Nordic Edge, er ambisjonen å identifisere konkrete innovasjons- og næringsutviklingsprosjekt som byggjer på den spisskompetansen og dei fortrinna vi allereie har i Bygland, og dei moglegheitene vi har til å bruke ledig areal til å skape nye tilbod. Presteneset er eitt slikt område som vi ønskjer å utvikle i samarbeid med næringslivet og innbyggjarane.



Vi har gjennomført ein digital ideverkstad der vi saman såg på lokale utfordringar. Oppsummeringa kan du finne her:

Rett over påske vil vi gjennomføre ein ny digital ideverkstad der vi inviterer inn endå fleire deltakarar. Då skal vi diskutere moglegheiter og idear som vil gjere Bygland til ein endå betre stad å bu, arbeide og besøkje.

Med utgangspunkt i ideverkstadane vil vi sjå på aktuelle innovasjonsprosjekt med fokus på kva, korleis, når og saman med kven.

## **Stasjonsområdet Byglandsfjord**

Bygland kommune ynskjer å skape eit område for trivsel og samvær for alle på stasjonsområdet på Byglandsfjord, både for unge og gamle, innbyggjarar og turistar.



Prosjekthuset AS, saman med Dagfin Skaar AS, har i oppdrag frå Bygland kommune utarbeidd eit mogelegheitsstudie for utnytting av stasjonsområdet på Byglandsfjord.

Formålet med prosjektet er å belyse moglegheiter og potensiale som ligg i bygningane og i området. Moglegheitsstudiet skal få fram korleis ein best kan leggje til rette for aktivitet, samstundes som ein tek vare på det autentiske stasjonsmiljøet og dei freda bygningane. Den beste forma for bevaring er å ta bygningane i bruk.

Stasjonsområdet ligg i nærmiljøet til mange av innbyggjarane på Byglandsfjord. Området har eit potensiale som møteplass og arena for aktivitetar som vil kome både fastbuande og turistar til gode. Det er ynskjeleg å vise fram det fine området, dei gamle stasjonsbygningane og historia som fylgjer jernbanen og Byglandsfjord.

Frå før av var det oppretta ei arbeidsgruppe for utvikling av stasjonsområdet, og denne gruppa har vore ein viktig bidragsytar i prosjektet. I tillegg har det vore ei brei involvering i prosjektet, både frå lokale innbyggjarar, næringsliv og turisme. Fagleg kompetanse innan kulturminne har vore viktig å involvere heilt frå starten, slik at forslaga er gjennomførbare med tanke på dei freda bygningane og området. Fredinga gjer at sjølv små grep må vere reversible.

Agder fylkeskommune har gjeve økonomisk støtte til prosjektet og har i tillegg bidrege med gode innspel undervegs i arbeidet og, ikkje minst, utarbeidd den flotte hageplanen.

## Vidare arbeid

Moglegheitsstudien blir presentert for politikarane og for innbyggjarane. Vi må saman prioritere kva tiltak vi skal starte med ut i frå behov, kapasitet og ressursar. Bygland kommune har fått tilskot på kr 459 800,- frå Gjensidigestiftelsen til utvikling av området.

## Innspel til kommuneplanen sin arealdel – forlenga frist!

Vi ønskjer å arrangere fysiske møte i samband med medverknad til revidering av arealdelen. Covid-19 og smittesituasjonen vi står i gjer det fortsatt vanskeleg.

Men vi håpar at aukande grad av vaksinerings skal gjere det mogleg å møtast før sommaren.

Målet er difor fortsatt å arrangere møte der næringslivet, organisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar kan kome med innspel, og der vi saman kan drøfte og diskutere arealbruken i kommunen.

Tid og stad for fysiske møte vil vi informere om når vi ser at det er trygt å samle folk. Det vil bli arrangert fleire møte rundt om i kommunen.

Ut i frå dette så utsett vi fristen for å kome med innspel til **13. august 2021**.



*Meir informasjon og lenke til innspelsretteiar og -skjema finn du på kommunen si heimeside: <https://www.bygland.kommune.no/innspel-til-arealdelen.529473.nn.html>*

## Drift og Forvaltning

### Akselrestriksjonar

Frå og med fredag 26.3.21 kl. 08.00 blir det med heimel i Veglova §7 innført aksellastrestriksjonar på alle kommunale vegar pga teleløysing

Tillatt akseltrykk i denne perioden er 6 tonn.





Veg til Vassendøya, Nesmoen industriområde, veg til Varmesentralen på Bygland og veg frå Rv9 via Stasjonsområdet til Senumsvegen på Byglandsfjord er unnateke ordninga.

Generell dispensasjon gjeld for:

- Rutegående persontransport
- Mjølketankbil
- Slaktebil og bil for nødslakt
- Renovasjonsbil
- Septiktankbil

Opplysningar elles er å finne i veglista frå Statens vegvesen. Det vil bli sett opp skilt. Restriksjonane gjeld til dei blir oppheva v/melding på denne sida eller facebookside til kommunen.

Førespurnader om dispensasjonar kan bli retta til Bygland kommune, Drift og forvaltning, tlf. 918 63 403 eller evt. 945 32 945

### Informasjon vedk. feiaravgift

Innbyggjarar er pålagt å betale feiaravgift. Fritidsbustader/byggverk er no på lik line med bustader om kravet til feiing og tilsyn.

Det viser seg at det er ein del eigedommar som ikkje blei med i faktureringsordninga frå starten av. Desse eigedomane vil motta ein faktura for 2020. Årsaken til dette ligg utafor kommunen sitt ansvarsområde. Vi beklager dei ulempene dette medfører.

For meir informasjon om ordninga: <https://www.sb-iks.no/gebyr-for-feiing-og-tilsyn.6341824-481461.html>



### Fleire prosjekt frå DoF

- Me har starta førebuinga med opplegg for **sommarjobbar for skuleungdom**. Planen er å få annonsert i påsketidene. Nytt av året er at me forsøker å få til eit prosjekt der nokre ungdommar kan bli engasjert til å **rydde**

**krypsiv og søppel** langs øvre del av

Byglandsfjorden. Krypsivfondet har løyvd kr 50.000,- og me jobbar med vidare finansiering.



- Det største prosjektet i 2021 er å **rehabiliterer høgdebassenget på Byglandsfjord**. Arbeidet tek til i mai, og skal vere ferdig i august / september.
- Det **nye bygget på Nesmonen** med brannstasjon, reinseanlegg, sivilforsvarslager og kontor for driftsleiar fungerer greitt. Me ønskjer ei formell opning av bygget så raskt Covid – 19 situasjonen tillatar det.

## Kultur

### Tilskot til drift av lag og organisasjonar (Kulturmidlar)

Dersom du driv kontinuerleg kulturverksemd i form av ein organisasjon, eit lag eller liknande i Bygland kommune kan du no søkje om midlar til drift.



Bygland kommune deler ut driftstilskot ei gong i året, og søknadsfristen for i år er 30. April. Søknadane skal handsamast politisk.

For å sjå nærmare på retningslinane til tilskotet kan du gå inn på <http://www.bygland.kommune.no> og vidare inn på *Tilskotsordningar*.

Søknadsskjema kan du sende elektronisk. Du finn det på

[www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no): *Sjølvetening: Skjema A-Å: Kulturmidlar-søknad*.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med kulturleiar Anne Fauske, e-post: [anne.fauske@bygland.kommune.no](mailto:anne.fauske@bygland.kommune.no), tlf.: 94510770.

### UKM i Bygland utsatt

Kulturskula i Bygland, Evje og Hornnes og Åseral må avlysa eller utsetja UKM i Bygland grunna dei nye nasjonale smittevernsreglene. Alle påmelde vil få beskjed, og vi kjem tilbake med ny info etter påske. 🐣



## Oppvekst

### Ymse frå oppvekstsentrane i Bygland

- Barnehagedagen blei feira 9. mars. Tema var "Små steg for kloden", og det handlar om barnehagen sitt arbeid med miljøet.



Her var det filmframsyning med Planetpatruljen og samlingsstund om kjeldesortering, før barna var ute og plukka søppel i nærmiljøet. Til vanleg plar barnehagebarna å møtast i kommunestyresalen denne

dagen og syne seg for politikarar og administrasjon. Denne gongen haldt kvar barnehage seg til sitt nærmiljø.

- Utover våren skal skulestartarane våre bli kjent med skule og SFO. Sjølv om situasjon kring COVID-19 gir nokre avgrensingar når det gjeld kontakt, siktar vi mot å møtast ute på skulen til leik og samvere. Skulestartarane får også treffe den komande læraren sin, som kjem på besøk i barnehagen.
- I lag med rektorar og styrarar i resten av dalen, har oppvekstsentra innleidd samarbeid med folkemusikaren Annbjørg Llen i Setesdalsfolk.



Saman skal vi planlegge korleis folkemusikken skal bli ein del av opplæringa i barnehage og skule. Vi må jobbe saman for at kulturarven i Setesdal ikkje går tapt mellom generasjonane. Plassen på UNESCO si verdsarvliste er ikkje noko ein har fått ei gong for alle, men ein status ein må jobbe aktivt med for å behalde. Folkemusikkprosjektet Gorrlaus, som også har som føremål å få folkemusikken inn i barnehage og skule, er i full sving. No er turen komen til mellom- og ungdomsrinnet, som har hatt besøk av Sigurd Brokke for å lære å spele munnharpe.

### **Søppel og gjenvinningsdag på Bygland skule 18.03.**

1. til 4. klassingane fekk besøk av Svend Åge Petersen frå Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS som hadde eit opplegg om sortering av ulike typer avfall.



Etter opplæringa var dei så heldige å få ein skikkeleg flott kompostbinge som skal brukast inn i kjøkkenhage-prosjektet til 1.-4.klasse.

Blir 1. og 2. klassingane best på skulen til å sortere søppel?



## Påskeferie

Det er påskeferie i veka 13 (29. mars -05. april).  
Bygland kommune ønskjer alle elevar og tilsette  
ved oppvekstsentra **GOD PÅSKE!**



## Kyrkjene i Bygland

**Kyrjekontoret i Bygland**  
Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND  
<https://bygland.kyrkje.no/>

### **Kontakt**

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711  
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



## **Gudstenester i påske vert avlyst**

Kyrkjelydane i Åseral, Bygland og Evje og Hornnes  
informerer: Styresmaktene har gitt ut nye nasjonale  
retningslinjer frå 25. mars og anbefaler no at alle  
planlagde arrangement skal avlystast.

Det inneber for kyrkja sin del at alle dei tillyste gudstenestene i påska vert  
avlyst, også friluftsgudstenester. Gravferder kan haldast med inntil 50  
deltakarar.



## Bygland Frivilligsentral

### **KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,**

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:  
post@bygland.frivilligsentral.no  
Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette  
oppstart av dei fleste aktivitetane sine.



Informasjon om oppstartsdato og smittevernomsyn i følge smittevernplan vil  
kome etterkvart på [www.bygland.frivilligsentral.no/](http://www.bygland.frivilligsentral.no/) og på Facebook


Opne aktiviteter er:

- **Utstyrsentralen** med alt du trengt for vintersport: tlf. 94 50 28 58
- **Kunstnarverkstaden for barn**, kvar fredag på frivilligsentralen
- **Ombringing av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**
- **Transport til og fra vaksinasjon**

## Kino på Bygland kulturscene

### **Bygland filmklubb** (på Facebook: *Bygland filmklubb*)

Visningen på **sundag 11.04.** vert avlyst  
grunna dei nye nasjonale retningsliner



## **Bygdekinoen**

**Ingen film for april lagd ut ved redaksjonsslutt;** for dagsaktuell informasjon  
sjå <https://www.bygdekinoen.no>

## **Tømekalender for Bygland kommune – april 2021**

**Matavfall og restavfall:** veke 14: torsdag 08.04.

**Papir og plast:** veke 16: tysdag 20.04.

**Matavfall og glass/metall:** veke 16: torsdag 22.04.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00  
(14.04.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (24.04.)

**Syrtevit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30,  
torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (10.04.)

## **Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS**

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

## **Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 20:**

**Bilete:** Framside: Påskehøner av Liv Elin Frøysnes Berg.

**Innhald:** pixabay.com, Susanne Hegenscheidt, Sonja Lien Skjevraak, Setesdal vekst/Nordic Edge, Marit S. Kvaale, Hege Jore Gakkestad, Anne Fauske. **Red.notat:** Johannes Hansen. **Kva skjer:** S. Hegenscheidt. **Tusen takk til alle fotografane!**

**Redaksjon:** Susanne Hegenscheidt - **Korrektur:** Mari Rygg  
Neste utgåve Byglandsnytt: 04. mai 2021



**GOD PÅSKE ALLE SAMAN!**

## **Ymse**

### **Flaskeinnsamling til Polenturen i 2022**

Torsdag 8. april er 9. klasse klare for flaskeinnsamling til Polenturen i 2022.

Elevane kjem rundt i heile Bygland kommune frå ca kl 17.00 og utover ettermiddagen. Vi set stor pris på om du har flasker til oss. Er du ikkje heime, kan du sette de lett synlege utanfor inngangsdøra.

TUSEN TAKK TIL ALLE SOM BIDREG TIL TUREN VÅR 😊

Vi set stor pris på kvar flaske.



*Helsing 9. klasse med føresette*

## **LMT Setesdal med Frisklivstilbod**

### **Sov godt - lær meir om søvn (14. og 28. April)**

Kurs for deg som har utfordringar med søvn.

Kurset er utarbeida av psykologar tilknytta helsedirektoratet. Kurset inneheld to samlingar og leiast av lokale kurshaldarar frå Setesdal.

Tilbodet er åpent for alle i alderen 16 og oppover. Mange kan oppleve søvnevanskar, som eks. slite med å sovne om kvelden, vakne for tidlig om morgonen, sove uroleg og/eller oppleve mange oppvakningar gjennom natta. Kurset er teoretisk, og er eigna for alle som opplev at søvnevanskar går utover kvardagen. Etter påmelding vil du få ein telefon fra ein av kursleiarane. Dette for å sikre oss at kurset vil passe dine behov.



### **Tema som blir tatt opp:**

- Søvn og søvnevanskar
- Avslapningsteknikkar

- Gode råd for betre søvn
- Søvndagbok
- Forestillingar om søvn


Samlingane inneheld både presentasjon av fakta og erfaringsutveksling.

**Kor og når:** Evje, Aktivitetssenteret på Evjeheimen, 14. og 28. april 2021 kl. 18.00 – 20.00

**Kurshaldarar:** Mari Haugen Abusland, leiande helsesjukepleiar på helsestasjonen i Evje og Hornnes kommune og Hege Haukom, avdelingsleiar på Evjeheimen

### **Diabeteskurs onsdag 21. april**

For deg som har diabetes type 2 eller for deg som er på grensa til å få diabetes. Det passar òg for pårørande og dei som er interessert i å læra meir om sjukdommen.



#### **Tema som blir tatt opp:**

Kva er diabetes?

- Forskjellen på diabetes type 1 og 2, diagnostisering, behandlingsmål og behandlingsprinsipp.
- Fokus i dette kurset blir på diabetes type 2, som er mest utbreidd blant befolkninga.

#### **Kva påverkar blodsukkeret og kva må eg passa på når eg har fått diabetes?**

- Tema som då blir omtalt er m.a. fysisk aktivitet og mat, og kva ein må passa på for å redusera risiko for komplikasjonar.

**Kor og når:** Digitalt kurs onsdag 21. april kl.18.00 – 20.00

**Kurshaldar:** Mona Iren Torsteinsen, diabetessjukepleiar

**Påmelding for begge kurs:** Frist: 7. april 2021

Meld deg på via elektronisk skjema: <https://www.e-h.kommune.no/frisklivstilbod.536362.no.html>

eller ta kontakt med Servicekontoret i Evje og Hornnes kommune - Tlf. 37 93 23 00



## KVA SKJER I BYGLAND?

April 2021

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
veke 13 og 14 (29.03.-05.04.)	Oppvekstsentra i Bygland		<b>Påskeferie</b> ☀️
torsdag 08.04.	9. klasse, Bygland oppvekstsenter; heile Bygland kommune	frå kl. 17.00 og utover dagen	Flaskeinnsamling til Polentur 2022
fredag 09.04.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: 1.-3. klasse: kl. 13.00; kl. 4.-6. klasse: kl. 15.00
fredag 16.04.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: 1.-3. klasse: kl. 13.00; kl. 4.-6. klasse: kl. 15.00
fredag 23.04.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
fredag 30.04.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: 1.-3. klasse: kl. 13.00; kl. 4.-6. klasse: kl. 15.00